RVTS VEST

Ressurssenter om vald, traumatisk stress
og sjølvmordsførebygging - region vest

# Årsrapport 2013



# Innhald


Forord ved senterleiar Side 04

1. Senteret sitt oppdrag og samhandling Side 06

2. Styring og rapportering Side 06

3. Formål, satsingar og prioriteringar Side 08

4. Resultat Side 17

Vedlegg Side 19

RVTS

Besøksadresse:
RVTS Vest
Ulriksdal helsepark
Ulriksdal 2, 2. etg
5009 BERGEN

Postadresse:
RVTS Vest
Helse Beregn HF
5021 BERGEN

55 97 66 95 / rvts@helse-bergen.no / www.rvtsvest.no

# Forord ved senterleiar

2013 var RVTS Vest sitt 7. heile driftsår. Også for 2013 er det på sin plass å heilt innleiingsvis rette ei stor takk til senterets tilsette. Dei legg ned ein enorm innsats som gjer det mogleg å halde fagutvikling og tenestelevering på eit jamnt høgt nivå i heile regionen!

Året var prega av at mange oppgåver har funne si løysing; Senteret er godt etablert i mange ulike nettverk i regionen, fleire langsgåande opplæringsrekkjer er vel etablerte og mange arenaer for samhandling mellom dei ulike faggruppene har funne si form.

Fagutviklinga ved senteret fortsetter å spegle eit større medvit om at det er undervisning og rettleiing på praksis som i lengda endrar praksis. Vi jobbar derfor mykje med korleis vi skal medverke i ulike kompetanseutviklingsprosjekt. Kor mykje, om kva og korleis skal vi undervise? Korleis kan ein sikre at praksis i tenesteapparatet endrast i takt med ny kompetanse hos dei tilsette? Kva kan vi som senter gjere for at utvikling og endring held fram når vi tonar ned vår rolle? Dette er nokre av dei sentrale spørsmåla vi forsøker å løfte fram i vår innsats i regionen.

Senteret har mange ulike prosjekt gåande i regionen, og dei ulike prosjekta er svært ulikt komen med omsyn til dette. Nokre, som avdekkingsprosjektet for vald og overgrep mot barn, og skoleprosjektet for sjølvmordsførebygging, er komne ganske langt i dette arbeidet, mens andre, som opplæringsprogram til psykisk helsevern er heilt i startgropa. Senteret har ei viktig oppgåve i tida framover til å sikre systematisk læring oss imellom på dei gode grepa i slike prosjekt.

Til sist vil eg nemne at leiarsituasjonen ved senteret er endra ved at underteikna gjekk frå å vere konstituert til fast tilsett leiar frå 1. august. Tidlegare leiar av senteret, Venke A. Johansen, gjekk på same tid over i ei fast stilling som fagutviklar ved senteret.

*Espen Rutle Johansson*
Senterleiar RVTS Vest

*Bilder fra "Den 18. nordiske konferanse for behandlere som arbeider med traumatiserte flyktninger" Foto: Sylvia Haukanes*

## Deltakere på Septemberkonferansen 2013:

> "Krem" av foredragsholdere. Veldig bra!

> Veldig bra og helhetlig program som er viktig for mange profesjoner!

> God arena for å bygge nettverk innenfor fagfeltet. Viktig at ulike faggrupper møtes slik.



*Bilder fra Septemberkonferansen 2013: Traumer og regulering*
*Foto: Sylvia Haukanes/Eli Gunnvor Grønsdal*

# 1. Senteret sitt oppdrag og samhandling

Ressurssenter om vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging (RVTS) region vest er drifta med tilskot frå Helsedirektoratet, på vegne av Helse - og omsorgsdepartementet, Barne-, likestillings- og inkluderingsdepartementet, Justis – og beredskapsdepartementet og Forsvarsdepartementet. RVTS er eitt av fleire regionale og nasjonale kompetansesenter innan fagfelta rus og psykisk helse, og det er ei uttrykt målsetjing å samordne verksemda ved desse.

## 1.1 Oppdrag

Senteret får sitt oppdrag gjennom tilskot frå Helsedirektoratet. Der presiserast både generelle og spesifikke oppgåver som sentra skal oppfylle, i tillegg til føringar for grunnleggjande verdiar som skal liggje til grunn for senteret si drift.

For 2013 vart tilskotsteksten tydeleggjort med omsyn til å støtte kommunane i deira tenesteyting. Vidare skal senteret fremje samhandling og overgang mellom dei ulike ledda i tiltakskjeda, på tvers av sektorar og nivå, i tråd med føringane i St.meld 47 (2008-2009) – Samhandlingsreforma. Senteret skal dessutan fremje brukarperspektiv, brukarmedverknad og sjølvhjelpsverksemd.

Dei generelle oppgåvene for 2013 var fokusert på å støtte tenesteapparatet i regionen på områda: Vald og traumefeltet (inkludert traumatisk stress, vald i nære relasjonar og seksuelle overgrep), Sjølvmordsførebyggande arbeid og Flyktninghelse og tvungen migrasjon. I tillegg kom spesifiseringar på kvart av desse fagområda.

Sentra har i tillegg kunne søkje på fleire spesifiserte tilskot, i hovudsak frå Helsedirektoratet og Barne- og Familiedirektoratet. For RVTS Vest sin del har det mest omfattande av desse i 2013 vore knytt til prosjektet «Betre handtering av kriser og komplisert sorg».

## 1.2 Interne utviklingsprosessar

RVTS Vest har i 2013 vore mest opptatt av evaluering av fleire pilotprosjekt som skal gje oss innspel til nye gjennomføringar av kompetansehevingsprogram. I tillegg har vi sett søkjelyset på dei tilsette sin kompetanse både med omsyn til fag og formidling. Senteret har dessutan endra nettsida si, slik at ho, saman med senteret si facebookside, vert meir eigna som kanal for informasjon ut, og tilbakemeldingar frå våre brukarar.

## 1.3 Samarbeid med andre

God samhandling kan ikkje finne stad utan utstrekt kontakt mellom aktørane. RVTS har oppdrag på tvers av alle sektorar og nivå innanfor sitt fagområde, og må derfor ha ei brei kontaktflate mot tenesteapparatet. I 2013 var det særleg presisert at sentra skal oppretthalde og vidareutvikle kontakt og samarbeid med fylkesmannsembeta.

Oppdraget for 2013 fokuserer vidare på ei samordna innsamling og systematisering av kunnskap, der RVTS må samarbeide med dei nasjonale sentra samt med universitets- og høgskulemiljøa i eigen region. RVTS skal også inngå i, og stimulere ulike tematiske nettverk, og såleis sikre ei deling av god kunnskap og handlingskompetanse.

RVTS har ansvar på fagområde der mange ulike aktørar har ei rolle. Det inneber ein stor variasjon i dei tilboda senteret har til regionen. Særleg mykje kontakt er det med dei einskilde kommunane, med spesialisthelsetenesta og med det statlege barne- og familievernet.

# 2. Styring og rapportering

Senteret er finansiert gjennom tilskot, og det rapporterast på fag og økonomi etter tredje kvartal, og på heile året. Helsedirektoratet har presisert følgjande punkt for rapportering.

Direktoratet har ved tildeling gitt ei punktliste for rapportering:

- «RVTSane støttar systematisk det utøvande tenesteapparatet i regionen med undervisning, rettleiing og konsultasjon på området vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging» og

«Dei relevante tenestene i regionen kjenner til og nytter seg av senterets tilbod» - Det er nær samanheng mellom desse to punkta, det krev både god marknadsføring og evne til å følgje opp etterspurnad i etterkant. RVTS Vest nyttar seg av 3 hovudkanalar for å gjere seg kjend; a) Informasjon om senteret er med på alle tilstellingar der RVTS har bidrag, i eigen regi eller på andre instansar sine arrangement, b) «Jungeltelegrafen»- ved at dei tilsette leverer tenester som brukarane er nøgde med, skapast ein auka etterspurnad, og c) Ei lettfatteleg og jamleg oppdatert nettside, samt ein tydeleg profil på FaceBook er med på å trekkje tenesteytarar i heile regionen til senteret.

» «Sentra bidreg til at tenesteapparatet utviklar gode system og at tenesteytarane har tilstrekkeleg kompetanse til å handtere saker som gjeld vald, traumatisk stress og sjølvmordsførebygging»- Som det går fram av den utfyllande rapporteringa har senteret eit aukande fokus på korleis vi kan bidra til den strategiske kompetanseutviklinga i regionen, slik at ny kunnskap lettare former betre praksis.

» «Nettverk byggast der det er føremålstenleg med samhandling på tvers av sektorar, etatar og nivå i regionen.» - RVTS Vest er sentral i å skape/koordinere arenaer der ulike deler av tenesteapparatet kan møtast, utveksle erfaring og stå samla i planlegging på tvers av tenester, geografi og forvaltningsnivå.

» «Arrangement på dette feltet koordinerast/ arrangerast saman med andre relevante aktørar.» - RVTS Vest samhandlar med fleire aktørar, men saknar ein arena for meir systematisk samhandling. Dette ser ut til å vere på trappane for hausten 2013.

» «Dei regionale ressurssentra samarbeider der det er føremålstenleg»- Dei 5 RVTSane samhandlar løpande om mange små og store prosjekt gjennom heile året. Av årets større saker kan nemnast samarbeid om kriser og sorg, og arbeid med veteranar.

» «Dei regionale ressurssentra samarbeider med aktuelle nasjonale aktørar (NKVTS, NAKMI, NSSF etc.) der dette er føremålstenleg» - Dei regionale sentra har jamlege møter med dei nasjonale sentra, i tillegg til spontane drøftingar der det er naudsynt.

» «Dei regionale ressurssentra arbeider i tråd med aktuelle handlingsplanar på feltet.»- RVTSane er gitt mange ulike roller i fleire handlingsplaner. Nokre roller er svært eksplisitte, medan andre følgjer av det generelle mandatet til å bidra til tenesteutvikling i regionen. RVTS Vest held, i samarbeid med dei andre regionale sentra, løpande oversikt over dei ulike planane, slik at vår verksemd kan tilpassast i tråd med desse.

> Noko av det viktigaste med desse temadagane, er den nettverksbygginga som skjer når personar frå ulike etatar og arbeids-plassar møtast!

Fagteamleiar Patrick O'Loughlin

*Fagteam flyktninghelse og tvungen migrasjon sine temadagar er eit døme på nettverkssamlingar som fungerer særs godt. Her frå ein artikkel på www.rvtsvest.no, der fagteamet profilerer temadagane for våren 2014. Øverst f. v: Patrick O'Loughlin, Sylvi R. Fiskerstrand og Rolf Vårdal. Nederst f. v: Chiku Ali og Marie-Christine Merametdjian*

# 3. Formål, satsingar og prioriteringar

RVTS Vest har heilt sidan starten vore organisert i tre fagteam som skal dekkje senteret sitt faglege ansvar på kjerneområda sjølvmordsførebygging, vald og seksuelle overgrep og flyktninghelse/ tvungen migrasjon. RVTS Vest støttar det lokale hjelpeapparatet gjennom undervisning og rettleiing (sjå aktivitetstal), og gjennom å leggje til rette for lokal, regional og nasjonal nettverksbygging. Dette er senteret sin arbeidsmåte i høve til alle tema og i møte med alle typar tenester.

## 3.1 Senterets ressursar og aktivitet

RVTS Vest fordeler sin innsats på 2 prioriterte arbeidsmåtar. For det første driv vi langsiktige kompetanseutviklingsprogram mot einskildtenester. I tillegg skal dei tre fagteama (Flyktninghelse og tvungen migrasjon, FTM, Vald og seksuelle overgrep, VSO, og Sjølvmordsførebygging SFB) bruke mykje av sine ressursar på oppfølging av førespurnader (sjå vedlegg 1, aktivitetstal). RVTS Vest har valt å drive etter ein desentralisert modell, og med utgangspunkt i konkrete utfordringar lokalt. Det stimulerer den lokale samhandlinga mellom dei ulike tenestesektorane og mellom 1. og 2. lina. Ein slik modell for kompetansebygging fører til store kostnader i personalressursar, men er og ei stor påkjenning for dei einskilde tilsette i form av mange reisedøgn. Aktivitetstala reflekterer denne prioriteringa, med stor overvekt av treffpunkt med kommunale tenester, og at verksemda ikkje går føre seg på senteret, men ute i tenesteapparatet. Dette er tydeleg på tvers av all aktivitet, og alle prioriterte fagområde i sentret.

Under syner oversikt over sentrets personalressursar i 2013:

| Leiing og administrasjon | |
|---|---|
| Espen R. Johansson, senterleiar, psykologspesialist (konstituert leiar til 1. august, deretter fast) | 100 % |
| Venke A. Johansen, senterleiar, dr polit, intensivsjukepleiar (permisjon frå leiarstilling til 1. august, deretter fagutviklar) | 100 % |
| Hanne Siri Austgulen, teamleiar administrative tenester, pedagog | 100 % |
| Renate Haukeland, administrasjonssekretær, | 100 % |
| Sylvia Haukanes, webkoordinator/ administrasjonssekretær | 100 % |

| Fagteam vald og seksuelle overgrep | |
|---|---|
| Inge Nordhaug, teamleiar, klinisk sosionom | 100 % |
| Øyvind Heen Ottesen, psykolog, sjukemeldt frå 16. januar | 30 % |
| Reidun Dybsland, barnevernpedagog | 100 % |
| Irmelin Bødtker Christensen, klinisk sosionom | 40 % |
| Venke A. Johansen, dr polit, intensivsjukepleiar | 100 % til 1. august |

| Forsking og metodeutvikling | |
|---|---|
| Venke A. Johansen, dr polit, intensivsjukepleiar | 100 % frå 1. august |
| Anne Marita Milde, psykologspesialist, dr.psychol | 20 % |
| Dag Ø. Nordanger, psykologspesialist/ Dr.psychol | 20 % |

| Fagteam flyktninghelse og tvungen mig. | |
|---|---|
| Patrick O'Loughlin, teamleiar, psykologspesialist | 80 % |
| Marie-Christine Merametdjian, psykolog-spesialist | 80 % |
| Chiku Ali, spesialkonsulent med tverrfagleg bakgrunn | 100% frå august |
| Rolf Vårdal, spesialkonsulent /fysioterapeut | 50% / 100% frå 1. august |
| Sylvi Ramsli Fiskerstrand, psykologspesialist | 60% frå 1. august |

| Fagteam Sjølvmordsførebyggjing | |
|---|---|
| Annie Norevik, Teamleiar, psykiatrisk sjukepleiar, | 100% (20% VIVAT) |
| Gudrun Austad, psykiatrisk sjukepleiar | 100% (20 % VIVAT) |
| Else-Helen Stokkvik, psykiatrisk sjukepleiar | 50 % |
| Reidar Thyholdt, psykolog | 100% frå 1. mai |

| Prosjekttilsette | |
|---|---|
| Pia Theisen, psykolog, ansvar for DPS prosjekt | 50 % til 28. februar |
| Reidar Thyholdt, psykolog, ansvar for krise- og beredskap | 50 % til 30. april |

### 3.1.1 Sjølvmordsførebygging

På fagområdet sjølvmordsførebygging har senteret vore opptatt med fire prioriterte område; VIVAT, sjølvmordsproblematikk i skulen, sjølvskading og sjølvmord hos eldre. Senteret har hatt ei god geografisk innretning på tenestene i høve sjølvmord og sjølvskading. Tenestemessig skil dette fagområdet seg noko ut i høve kontakt med tenesteapparatet. Det er meir kontakt med helse- og sosialtenestene, og mindre med barnevern og skule.

#### VIVAT

Senteret har vore kursarrangør 7 gonger. VIVAT-arbeidet er dessutan prega av at ny versjon av kurset er under tilpassing til norsk, og senteret har derfor hatt VIVAT-fokus utover den 40% stillingsressursen som er særleg avsett til dette.

*Gudrun Austad underviser på temadag om kartlegging av sjølvmordsfare for tilsette i asylmottak. Foto: Eli Gunnvor Grønsdal*

#### Sjølvmord i skulen

Senteret har avslutta eit 2-årig pilotprosjekt i to skuledistrikt i Bergen kommune, det er utarbeida eiga rapport frå arbeidet (tilgjengeleg på førespurnad). Her har vi hausta verdifulle erfaringar for korleis dei lokale tenestene i og rundt skulane kan stå betre rusta til å møte sjølvmordsproblematikk, og otte omkring det. To tilsette har, i samarbeid med RVTS Sør vore på eit studiebesøk i Miami der dei har jobba lenge og systematisk med problemstillinga, og har fått ein tydeleg nedgang i atal sjølvmord i perioden. Senteret er, basert på desse erfaringane, klar til vidareføring av programmet, og er i dialog med 4 kommunar i regionen.

#### Sjølvskading

Senteret har arrangert fleire fagdagar med tema sjølvskading. Nokre av dei har hatt ope påmelding, mens andre har vore for spesifikke tenestestader i psykisk helsevern og for BUFetat.

#### Eldre og sjølvmord

Senteret har starta eit samarbeid med Bergen kommune omkring førebygging av sjølvmord blant eldre. I den samanheng har det vore arrangert ein regional konferanse om temaet.

I tillegg til desse prioriterte områda er senteret involvert i et samarbeid med LEVE, både sentralt og i fylkeslaga. I 2013 har ein mellom anna arbeidd med rettleiing av sorggrupeleiarar, i høve oppfølging av etterlate, og i høve drift og leiing. Senteret er også representert i prosjekta «Haugalandsløftet» og «Selvmordsforbygging i Rogaland»

### 3.1.2 Flyktninghelse og tvungen migrasjon

RVTS Vest legg ei brei forståing av helseomgrepet til grunn for vår verksemd. Det vil i særleg grad virke inn på dette fagområdet, der ein må sjå på mange tenester flyktningar nytter for å få eit heilskapleg innsyn i deira helse og tiltak for denne. Vi har arbeidd med saker gjeldande traumatiserte flyktningar gjennom oppfølging og kompetanseheving ved konsultasjon, vidare rettleiing og evt. kurstilbod for ei/fleire tenester. Det kan gjelde ein individuell person, samt meir generelle spørsmål om korleis ein best kan møte flyktningar sine behov. Vi har vore opptatt av å støtte utvikling av gode nettverk både innan ein kommune og på tvers av kommunane.

Aktivitetstala syner at det er god fordeling mellom fleire sektorar (helse/sosial, skule/opplæring og barnevern). Det var noko skeivt regionalt nedslag i 2013, Bergen og omegn vart noko meir prioritert samanlikna med Stavanger.

På fagområdet Flyktninghelse og tvungen migrasjon har RVTS Vest særleg satsa på følgjande i 2013: Temadagar i regionen, rettleiing av helsepersonell i mottak, skadelege tradisjonar (særleg kjønnslemlesting) og ICDP.

Temadagane har ei stor, fast deltakargruppe, med fagfolk involvert i flyktningar i ulike tenester.

Fleire fagpersonar er med på rettleiing av helsepersonell tilknytta asylmottak i hele regionen. Tilbodet er kraftig auka i 2013, noko senteret har fått god respons på frå tenestene. Det er aktuelt å auke denne innsatsen i 2014.

*Patrick O'Loughlin i dialog med rettleiarar i ICDP. Arkivbilete frå 2012.*

Det har vore opplæring av eit nytt kull av rettleiarar i «International Child Development Programme (ICDP)» sin minoritetsversjon i samarbeid med BUFetat Bergen. Rettleiarkandidatar avsluttar eiga rettleiing i grupper for foreldre med etnisk minoritetsbakgrunn, og blir sertifiserte til hausten.

Utførlig oversikt over RVTS Vest sitt arbeid med skadelege tradisjonar finns i vedlegg. Hovudinnsatsen er på undervisning og rettleiing av personell i kommunal helse- og omsorgsteneste. Nytt av 2013 er opplæring av «Endringsagentar», kvinner med etnisk tilhøyrsle i utsette grupper, som får opplæring i korleis dei kan jobbe med endring i eiga etnisk gruppe.

I tillegg til dei prioriterte områda har to tilsette reiste til Zanzibar i juli for å undersøke behov for støtte frå RVTS. Blant anna kunnskap om traumesensitive oppfølging, samt om ICDP kunne være en nyttig tilnærming. Dette var gjennomført med midlar frå Helse Bergen, Avdeling for internasjonal samarbeid og i kontekst av etablert samarbeid mellom Helse Bergen og Mnazi Mmoja Sykehus, Zanzibar. Ei hovudmålsetting med dette samarbeidet er å bringe kunnskap om bl.a. korleis best tilpasse kultursensitive tilnærmingar tilbake til våre aktivitetar i Noreg.

RVTS Vest var tungt involvert i «Nordisk konferanse for behandlere som arbeider med traumatiserte flyktninger», som vart arrangert i Bergen i mai 2013 (sjå vedlegg). Senteret var med både i den faglege tilrettelegginga, og hadde dessutan ansvaret for all praktisk gjennomføring. Meir enn 300 deltakarar frå heile Norden var på konferansen, som vart godt evaluert. Dette var eit resultat av et tett og godt samarbeid mellom alle dei 5 regionale ressurssentra.

### 3.1.3 Vald og seksuelle overgrep

RVTS Vest har i heile si driftstid vore opptatt av å tilby rask og tett oppfølging når tenester står i ei krise. Slike kriser oppstår ofte når ein får mistanke om, eller kjennskap til vald og seksuelle overgrep. I 2013 har senteret merka auka pågang frå tenesteapparatet med slike kriser, mykje kan tyde på at dette heng nære saman med at BUFetat har redusert eller stoppa si oppfølging av kommunen på dette fagområdet. Aktivitetstala syner at om lag 2/3 av senteret sin aktivitet i høve vald og seksuelle overgrep er mot kommunale tenester, i hovudsak helse- og sosialtenester, barnevern og barnehagar/skular.

*Reidun Dybsland underviser for 100 barnehagetilsette. Foto: Eli Gunnvor Grønsdal*

For området vald og seksuelle overgrep, har det vore særleg viktig å etablere ei strukturert kompetanseheving knytt til utsette barn og familiar, og mykje av aktiviteten på området går inn i senteret sitt kompetanseprogram (sjå pkt 3.3.2). Fagområdet er også prega av fleire spesifiserte oppgåver i sentrale handlingsplanar og strategiar, sjå pkt 3.2. I tillegg til desse spesifiserte oppdraga har RVTS vore særleg opptatt av oppfølging av dei kommunale konsultasjonsteama, og av Sentrene mot incest og seksuelle overgrep (SMISO) i regionen.

#### Konsultasjonsteam

Det er no etablert over 30 lokale konsultasjonsteam i regionen. Fokus er hovudsakleg på avdekking av vald og seksuelle overgrep mot barn. RVTS Vest er fortsatt ein sentral aktør i høve kompetanseheving, og for å oppretthalde fokus og aktivitet i teama. I 2013 har hovudsatsing vore på opplæring og trygging

av medlemmane i teama på å sjølv undervise sine samarbeidspartnarar om barnesamtaler og avdekking og sikring når barn vert utsatt. Det er utvikla eit eige undervisningsopplegg som teama har fått tilgang til, og opplæring i.

## SMISO

Det er etablert tre sentre i regionen, RVTS Vest er representert i styret på to av dei, og har i 2013 hatt undervisning og rettleiing på enkeltsaker med alle tre sentra. RVTS har dessutan vore involvert i planlegginga av eit undervisningsopplegg som sentra i Hordaland og i Sogn og Fjordane skal prøve ut i 6. klassane i grunnskulen.

## Tannhelsa

Den offentlege tannhelsetenesta i regionen har i fleire år jobba systematisk med korleis dei kan avdekkje og melde frå om overgrep mot born. RVTS Vest har vore med i dette arbeidet heile vegen, og er framleis med i det regionale fagnettverket som er etablert, og som har fokus på fortsatt utvikling og kompetanseheving i regionen.

Foto: D. Sharon Pruitt

## 3.1.4 Felles faglege ressursar og administrasjon

RVTS Vest har i ei årrekkje satsa på eigne ressursar for å arrangere større kurs og konferansar. Senteret har eit aktiv merkantilt team. Dei er med å tilretteleggje mykje av aktivitetane som foregår i samarbeid med dei andre teama, og jobbar etter eigen handlingsplan.

Vi nyttar og eigne ressursar for å ha ein god og tydeleg profil på nettsider, sosiale media og trykksaker.

I august vart ny nettside lansert med eit tydelegare fokus på dei einskilde tenestene i regionen, og korleis RVTS Vest kan hjelpe dei. Nettsida er og tilrettelagd for meir interaktivitet, og for jamne oppdateringar om RVTS Vest sitt tilbod, gjennom aktuelt nytt om senteret sitt arbeid og via kurskalenderen. I vedlegg 2 kan ein lese meir om trafikk til nettsidene.

Etter å ha vore tilstades på facebook og twitter sidan 2010, har vi gjort oss nokre erfaringar og funne vår form. I tillegg til å ha auka bruken av våre nettsider, ser vi at våre brukarar nyttar dei sosiale kanalane for å orientere seg om vårt arbeid, og vi får delt mykje viktig informasjon på denne måten; både av nasjonale føringar og om vårt arbeid og samarbeid med andre aktørar. I tillegg deler vi dagsaktuelle tema kring områda vald, seksuelle overgrep, flyktninghelse, tvungen migrasjon og sjølvmordsførebygging. Vi trur at vår deltaking i sosiale kanalar fører til ei openheit kring temaområda, og at dette igjen kan vere med å bryte tabu. I vedlegg 2 kan ein lese meir om vår bruk av sosiale media.

*Merkantilt team har utvikla gode rutinar for arrangering av mindre kurs så vel som store konferansar. Her frå Septemberkonferansen 2013: Traumer og regulering. Teamet hadde også ansvaret for alt praktisk i samband med "Den 18. nordiske konferanse for behandlere som arbeider med traumatiserte flyktninger."*

*RVTS Vest fekk ny nettside hausten 2013. Denne vert jamnleg oppdatert med senteret sitt pågåande arbeid.*




*Skjermbilde av kurskalender på dei nye nettsidene for november 2013.*

## 3.2 Særlege satsingar i 2013, arbeid etter handlingsplanar og sentrale føringar

RVTS Vest har i 2013 motteke fleire spesifiserte oppdrag innanfor feltet traumatisk stress. Under skisserast kort senteret sin aktivitet i høve desse.

### 3.2.2 Tidleg intervensjon

RVTS Vest har i fleire år vore regional part i eit nasjonalt samarbeid som har involvert både direktorat, nasjonale sentra og regionale samarbeidsmiljø som KORUS og RKBU. Fokus har vore på utvikling og implementering av opplæringsprogrammet kartlegging og samtalemetodikk kring tema rus, psykisk sjukdom og vald i svangerskapsomsorgen. Programmet tilbys kommunar i regionen. I vest vert det planlagt avslutning i ein kommune, og oppstart i ein kommune i 2013. I tillegg er fleire kommunar i dialog med Regionalt opplæringsteam (ROT) om tilpassa opplæring ut frå tidlegare satsingar i den einskilde kommune.

*Senteret har eit godt samarbeid med krisesentra i regionen. Her frå eit av samarbeidsmøta.*

### 3.2.3 Krisesentra

Senteret arbeidar jamt med rettleiing og nettverksarbeid for krisesentra i regionen. Senteret gjer slik undervisning og rettleiing med eigne tilsette, og i nokre høve eksterne førelesarar. I tillegg har senteret vore aktivt i det nasjonale arbeidet med kompetansehevingsprogram for krisesentra. Arbeidet er meir detaljert beskrive i eigen rapport til BUFdir i mars 2014.

### 3.2.4 Mobbing

RVTS Vest har vore i dialog med Olweusgruppa ved RKBU Vest om eigna tema for samhandling. Det er ikkje endeleg avklart, men oppfølging av offer, samtalar med barn og forståing av dei mest valdelege ungdommane peikar seg ut som trulege område i starten. Det jobbast med ei løysing der tilsette frå RVTS kan bidra i opplæringa av Olweus instruktørane. Det vil truleg gje eit meir tydeleg bilete av korleis vi kan forsterke kvarandre sin innsats framover.

*Møte i arbeidsgruppa om veteranar, 2. september 2013.*

### 3.2.5 Veteranar

Det er etablert eit nettverk for arbeidet med veteranar. I 2013 har senteret fokusert på at eit breitt utval av tenester skal vere representert, og synleggjere korleis veteranane sine behov skal møtast på mange ulike arenaer.

### 3.2.6 Odontofobi

RVTS deltek i den regionale arbeidsgruppa mot odontofobi. Vi har ikkje vore involvert i undervisning eller rettleiing til no, men er med i drøfting og planlegging omkring tilbodet til gruppa. Hausten 2013 vart det gjennomført ei førelesingsrekke om torturoverlevarar der odontofobi var eit av tema.

### 3.2.7 Sinnemestring- Brøsetmodellen

RVTS-Vest har i 2013 fortsatt sitt spreiingsarbeid av Brøset-modellen for behandling av aggresjons- og valdsvanskar. Det har vore både praktisk og fagleg bistand til gjennomføring av utdanning av nye terapeutar, samt rettleiing og støtte i etablering av denne type tiltak i det lokale hjelpeapparatet. Våren 2013 avslutta eit nytt kull terapeutar si opplæring.

### 3.2.8 Skadelege tradisjonar

I 2013 har RVTS Vest sitt arbeid mot skadelege tradisjonar i første rekke vore retta mot kjønnslemlesting. Senteret sitt arbeid på området er i tråd med eige tilskot for arbeid mot kjønnslemlesting, og er nærare spesifisert i eiga dokument, sjå vedlegg.

### 3.2.9 Oppfølging etter 22. juli

RVTS Vest har i ekstra tilskot av 22.11.12 motteke midlar for kompetanseheving og oppfølging etter 22. juli 2011. Det er dessutan vidareført midlar frå tilsvarande tilskot i 2012 for å styrke dette arbeidet. Etter avtale med familievernet i regionen, er opplæringa utsatt. Programmet «Traumesensitivt familievern» er ferdig planlagd som ei grunnopplæring i traumeteori og traumebehandling, og vil gjennomførast fram mot påske 2014.

### 3.2.10 Betre handtering av kriser og komplisert sorg

RVTS Vest er prosjekteigar for eit nasjonalt arbeid med planar og kompetanse for handtering av kriser og sorg. Personell frå Senter for Krisepsykologi har vore sentrale i den daglege drifta av prosjektet. RVTS si rolle har vore å fokusere på integrering med andre kompetansemiljø og tilstøytande aktivitetar. Alle RVTSane har dei siste åra gjort eit omfattande arbeidet i høve beredskaps og oppfølgingsapparatet etter kriser. Dette arbeidet har gitt mange erfaringer, og mykje læring som det har vore viktig å inkludere i det vidare planarbeidet.

Hausten 2013 har RVTS vore svært aktiv i revideringa av rettleiar IS-1810. Det er etablert ei skrivegruppe, der både prosjekttilsette og andre tilsette ved senteret har vore med. Dette har vore ei god løysing for å samkøyre prosjektet sin aktivitet med anna RVTS-aktivitet både regionalt og nasjonalt.

### 3.2.11 Psykososial bistand etter ulykker og katastrofer

RVTS Vest etablerte i desember 2012 ein regional «Kriseteamskule», med undervisning og rettleiing fleire stader i våre tre fylke. I dette arbeidet er det konkrete målet både å støtte kompetanseutvikling, gje støtte i vanskelege saker og leggje til rette for nettverk mellom dei ulike kriseteama og andre relevante aktørar.

### 3.2.12 Kommunale handlingsplanar mot vald i nære relasjonar

RVTS vest gjev jamleg rettleiing og undervisning til kommunar som skal lage eller fornye sine handlingsplaner mot vald i nære relasjonar. Senteret er kjend med at fleire kommunar arbeider med slike planar, men at det fleire stader er ventetid for å få dei vedtekne.

> Lærerikt. Får det til å bli jordnært - en våger å gå inn i krisene, samtidig som en har en ydmyk respekt for situasjonen/de rammende. Lærerikt å få dele erfaringer.
>
> Deltakar på Kriseteamskulen, fordjupningsdag.

### 3.2.13 Undervisning for tilsette i mottak

På særleg oppdrag frå Helsedirektoratet har senteret undervist tilsette på mottaka i regionen. Dette er ei gruppe med stor trong for kompetanseheving, og ei evaluering og vidareføring av undervisninga er planlagd i samarbeid med dei andre RVTSane.

## 3.3 RVTS Vest si satsing på kompetanseprogram

Senteret valte våren 2011 å fokusere på eit større tal prosjekt mot dei største mottakarane av våre tenester; kommunane, spesialisthelsetenesta og det statlege barne- og familievern. Desse prosjekta ville fokusere på heilskapen av kompetansebehova på våre felt for desse aktørane, slik at dei sto betre rusta til å møte

bredda av traumerelaterte problemstillingar, og gje ei tydelegare og meir levedyktig kompetanseheving på individ og organisasjonsnivå. Oppstart av prosjekta har vorte noko forsinka på grunn av oppfølging etter 22. juli, men første halvår har likevel fleire prosjekt komne verkeleg i gong.

### 3.3.1 BUP

Utprøving av program i psykisk helsevern for born og unge (BUP) er grundig beskrive i tidlegare rapportar frå 2012. Under kjem ei kortare utgreiing av utprøvinga som vart avslutta juni 2013. Det er avtalt justeringar for tre nye poliklinikkar, mellom anna ei meir strukturert rettleiing. Programmet skal etter planen starte januar 2014.

Vi har fått mange gode, konstruktive kommentarar frå deltakarar på kursprogram, dei tek vi med oss i planlegginga vidare:
'' Kurssekvens var av god kvalitet, god blanding av forelesning og diskusjon. Bekreftet at vi kan en del og har førte til endringer i møte med pasienter. Nå har vi mer fokus på bl.a. traume. Det ønskes mer litteraturtips: kunne lese både før og etter hver kursdag.
Veldig fin måten å løfte alle samtidig som har førte til mer faglig dialog oss i mellom. Nå er det økt fokus på traume, mer snakk om differensial diagnose, mer utveksling om hvordan å kartlegge. Kurssekvens har betyd mye også for sosial miljø å ha et felles faglig fokus.''

Overordna målsetjing:
Å bidra til kompetanseheving i høve til vald og traumatisk stress hos tilsette på BUP. Å hjelpe leiarar og tilsette i desse to spesialisthelsetenestene å identifisere deira spesielle ynskjer og behov, og arrangere tilpassa aktivitetar som møter desse. Gjennom ei kompetanseheving skal tilsette oppleve at dei er betre førebudd til sine arbeidsoppgåver (behandling, oppfølging, rettleiing, systemisk arbeid) når det gjeld vald og traumatisk stress hos deira klientar/pasientar.

### 3.3.2 Avdekking – Kva så

Dette programmet er eit samarbeid mellom fagteama våre. Utgangspunktet har vore fagteam vald og seksuelle overgrep, men når opplegget skal lagast viser det seg at flyktninghelse og sjølvmordsførebygging er viktige kompetanseområde i oppfølging etter avdekking, og den krisa som då oppstår. I samarbeid med Haugesund kommune har vi utarbeid eit prosjekt der alle i barneverntenesta (og nokre frå PPT) har vore med. Gjennom halvanna år har dei tilsette lese pensum, hatt førelesingar og rettleiingsgrupper i samtale med barn. Vi vil lage ein rapport og oppsummerer prosjektet i ettertid. 39 deltakarar er med i opplæringa, og i avtale med Høgskulen i Sogn og Fjordane er det validert til 15 studiepoeng der 29 deltakarar gjekk opp til eksamen. Alle studentar fekk utdanninga godkjend. Vi planlegg oppstart i samarbeid med to nye bydelar i Bergen i 2014. Den vil ha to formelle delemne med 15 studiepoeng på

> ”
> Veldig lærerikt og konkret verktøy. Engasjerte, kunnskapsrike forelesarar (Inge og Reidun), som skaper ein trygg og god atmosfære, slik at ein sjølv tør å hive seg utpå.

Deltakar på undervisning om korleis undervise om barnesamtalen, og om vald og seskuelle overgrep.

kvar, eitt for teoretisk opplæring, og eitt for samtalar med barn. I 2013 har vi starta opplæring i Bergen kommune, og det gjerast avtaler for fleire kommunar i Rogaland og Hordaland, og for nye bydelar i Bergen.

### 3.3.3 Avdekking av vold og overgrep

Konsultasjonsteamprosjektet med oppretting av konsultasjonsteam i region vest, der dei som er uroa for barn kan ta kontakt. Dette er eit samarbeidsprosjekt mellom RVTS vest, Redd Barna, Extrastiftelsen Helse- og Rehabilitering og Høgskulen i Sogn og Fjordane. Prosjektet er delfinanisert av Redd Barna, og prosjektet blei avslutta i 2013. Ein samla gjennomgang av prosjektet vil overleverast Redd Barna i årsskiftet 2013 / 2014, og finst i vedlegg «Avdekking- Rapport til Redd Barna».

### 3.3.4 Traumebehandling i vest (DPS)

I 2013 gjennomførte senteret ei utprøving av kompetanseheving for DPS saman med Helse Fonna. Programmet bestod av 4 dagar med undervisning, samt tilrettelagt litteratur og oppgåver til fordypning i kvar eining. Ei gjenomgang i ettertid synte at det var naudsynt med nokre justeringer i tema, og at modellen for arbeid mellom samlingane var for sårbar. I tråd med dette, er det gjort justeringer i opplegget, og revidert program vil gjennomførast i 2 nye DPS i 2014.

## 3.4 Konferanser, publikasjonar og deltaking i eksterne prosjekt

Kvart år har dei tilsette ved RVTS Vest innlegg og presentasjonar på større internasjonale konferanser. Senteret har og personell som bidreg i store eksterne prosjekt med eiga finansiering, og senteret sine tilsette har publikasjonar i vitskaplege tidsskrift. I vedlegg «Publikasjoner, Konferanser, Prosjekt» finst ein oversikt over dei største av disse.

# 4. Resultat

## 4.1 Aktivitetstall og produksjon

Statistikk frå dei einskilde teama og samla for senteret presenterast utførleg i vedlegg 1 etter sektor, forvaltningsnivå, type kontakt, møtestad og geografisk tilhøyre for tenestene. Samla sett er det grunn til å hevde at RVTS Vest oppfyller sitt mandat i høve bredde av tenester, forvaltningsnivå og å stimulere til samhandling på tvers av tenestene i regionen. Særleg gledeleg er det at senteret fortsatt har det aller meste av sin undervisnings- og rettleiingsaktivitet ute i regionen, og med fleire lokale aktørar samla om eit tema.

## 4.2 Rekneskap

### 4.2.1 Samla rekneskap pr 31.12.13

RVTS Vest enda med ei drift med eit meirforbruk på 71.000, og er såleis i balanse. Sjå vedlegg 3.

## Figur 1: Kva sektorar RVTS Vest samhandlar med (%)




## Figur 2: Tenestenivå RVTS Vest samhandlar med (%)




## Figur 3: Typar ekstern aktivitet (%)



## Figur 4: Kontaktform (%)




## Figur 5: Geografisk tilhøyre hjå fagpersonar vi møter (%)



## Trafikk til nettsidene

Ein feil gjorde at det ikkje vart målt trafikk på dei nye nettsidene frå august 2013 til desember 2013. Men etter at vi la inn trafikkanalyse på dei nye nettsidene den 15. januar 2014, så har det vore 9809 besøk fram til 31. mars 2014. Dette syner ein *tendens* og *ca 30 % auke* i nettrafikken om ein samanliknar med tidlegare (1.januar 2013- 31.mars 2013=6702 besøk).

Figur 1: Via kva kanalar kjem våre besøkjande? (Periode: 15. januar 2014- 31. mars 2014)




Det er ein betydeleg andel av våre besøkjande som kjem via dei sosiale kanalane, og særleg via facebook (4137 av dei besøkjande). Dette fortel oss at mange i vår målgruppe nyttar facebook til å orientere seg om vårt arbeid. Samtidig ser vi at heile 2230 kjem direkte inn på sidene våre, og kjenner altså til senteret frå før. 1943 av dei besøkjande kjem inn frå andre nettsider, og då fortrinnsvis via www.rvts.no, RVTS'ane sin fellesportal.

## Bruk av sosiale media

Facebook og twitter er sentrale kanalar vi nyttar mykje for å spre informasjon om vårt arbeid til dei i vår målgruppe som er tilstades der. Vi ser på dei sosiale media som verktøy for å dele og få informasjon om kva som rører seg innanfor våre temaområder. Vidare i dette vedlegget syner vi dømer på korleis vi nyttar sosiale kanalar i vårt arbeid. Dei fleste døma er frå facebook-sida vår, då vi deler det same på twitter. Twitter nyttar vi også som ei kjelde til å få informasjon om relevant nytt og kva våre samarbeidspartnararer opptekne av.




*Facebook som medium tillet oss å ha ein mindre formell tone med våre følgjarar.*

# Vi ønskjer å gjere merksam på:

# *Septemberkonferansen 2014*

## Traumer og krenkaren

Foto: Ursula Le Guin Photography

**Å leve med store og vedvarande belastningar kan gje mange utslag, og for nokon kan det mest synlege utslaget vere utfordrande, krenkande og skremmande åtferd. Nyare kunnskap på traumefeltet gir viktige innspel til korleis ein kan utforme tiltak kring personar med ein slik bakgrunn. Septemberkonferansen 2014 set søkelyset på balansen mellom behovet for hjelp og ansvaret for eigne utfordrande og krenkande handlingar, og på korleis ulike tenester kan jobbe i dette spenningsfeltet.**

**Hovudførelesar:** Kevin Creeden

**Kevin Creeden**, M.A., LMHC er leiar for Assessment and Research ved Whitney Academy i East Freetown, Massachusetts. Han har over 30 år klinisk erfaring med behandling av barn, ungdom, vaksne og familiar, med fokus på seksuelt og fysisk aggressive ungdom. Dei siste 20 åra har hans hovudfokus vore traume- og tilknytningsvanskar, spesielt når det gjeld den nevrologiske effekten traumer har på atferd og dei nevro-utviklingsmessige konsekvensane traumer har på seksuelle atferdsproblem.

**Tidlegare** har Creeden vore president for Massachusetts chapter for the American Professional Society on the Abuse of Children (APSAC), undervist ved Boston College, Instructor in Psychology ved Department of Psychiatry, Harvard Medical School på Cambridge Hospital, og gjesteførelesar ved Boston University School of Social Work.

**For tida** er han gjesteførelesar ved Simmons School of Social Work, der han underviser i eit program om traumefokusert behandling. Han underviser og gir konsultasjon, både nasjonalt og internasjonalt, til tenester som arbeider med unge, rettsmedisinske tenester og psykisk helse-tenester.

| | |
|---|---|
| **Dato:** | 4. – 5. september 2014 |
| **Stad:** | Scandic Bergen City, Håkonsgaten 2 |
| **Påmelding innan 31.05.14:** | Kr. 2500,- |
| **Påmelding frå 01.06.14:** | Kr. 3500,- |
| **Studentpris/frivillege org.:** | Kr. 1500,- |
| **Konferansemiddag:** | Kr. 825,-. Tre-retters inkludert 2 glas vin på Scandic Hotel Neptun |
| **Endeleg påmeldingsfrist:** | 21. august. Bindande påmelding. |

**Påmelding via:**
www.septemberkonferansen.wordpress.com

Deltakarane må ordne med hotellovernatting sjølv.
Vi har satt av ei romblokk på 50 rom på konferansehotellet.

**Bookingkode:** RVT030914
**E-post:** bergencity@scandichotels.com
**Meld deg inn i konferansen sitt facebook-arrangement:**
https://www.facebook.com/events/222713247897345/

**Målgruppe:** Spesialisthelse, psykisk helsevern og rus, barne- og familievern, kriminalomsorgen, PPT, Avdeling for psykisk helse, NAV-sosial.

# INVITASJON

## Program 4. september 2014

| | | | |
|---|---|---|---|
| 09:00-10:00 | *Registrering* | | |
| 10:00-10:15 | *Opning v/ Espen R. Johansson + kulturelt innslag* | | |
| 10:15.13:00 | ***Can We Teach These Kids to Dance?*** *Using Neuro-developmental research to inform the treatment of sexual behavior problems in youth*, Kevin Creeden (m/ innlagt pause) | | |
| 13:00-14:00 | *Lunsj* | | |
| **14:00-16:00 Parallelle sesjonar** | | | |
| | ***From the Bottom-Up:*** *Implementing a developmental approach for the assessment and treatment of sexual behavior problems*, Kevin Creeden | ***Valdsprogrammet***, Erik Risnes<br>***Pedofil kjærlighet kjenner ingen grenser -*** *Pedofiles virkelighetsoppfatninger og kognitive forvrengninger, kommunisert via internett*, Liv Marion Bjørgan | ***Ungdom som krenker seksuelt*** *– arbeid og oppfølging innen rammene av et barnehus*, Are Evang<br>***Når mamma berører-*** *Hva vet vi om kvinnelige overgripere?* Lene Sivertsen |
| 16:00-17:00 | Informasjon kjem | | |

## Program 5. september 2014

| | |
|---|---|
| 09:00-11:00 | ***I fars vold***, Yngve Hammerlin |
| 11:00-11:15 | *Pause* |
| 11:15-12:30 | ***Vendepunkt***, Tonna Brix |
| 12:30-13:30 | *Lunsj* |
| 13:30-14:30 | ***Alt det de må tåle! -*** *En veiledningstilnærming til arbeid med krenkende barn i skolen*, Espen Rutle Johansson |
| 14:30-15:30 | ***Straff og forsoning***, avslutning ved Knut Storberget |

## Andre bekrefta førelesarar

**Yngve Hammerlin** er dr. philos og forskar ved Kriminalomsorgens utdanningssenter/KRUS. Han har skreve fleire bøker, forskningsrapportar og artiklar om sjølvmord, valdsproblematikk og fengselssystemet.

**Tonna Brix** er ein rapduo som består av Hakan Pandul og Kenneth Holt. Dei starta ein nasjonal kampanje mot vald i heimen "Vendepunkt" i 2007. Målet med kampanjen var å synleggjere all slags vald i heimen og fjerne tabu kring å snakke om det. Tonna Brix held framleis på med å undervise på sin særskilde måte på skular og andre arenaer der deira bodkap er viktig, som på årets Septemberkonferanse.

**Liv Marion Bjørgan** avla mastergrad i Kultur-, sosial-, og samfunnspsykologi ved NTNU i 2013. Spesialiseringar innanfor mobbing, seksuell grooming, og pedofili. Jobbar no for barnevernet, samt er foredragshaldar og VIVAT-kursleiar.

**Are Evang,** psykologspesialist, Statens barnehus Tromsø

**Lene Sivertsen**, daglig leder, SMISO, Troms (Støttesenter Mot Incest og Seksuelle Overgrep, Troms)

**Knut Storberget** sit på Stortinget som politikar for Arbeiderpartiet. Han var justisminister i Jens Stoltenberg si andre regjering frå 2005 til 2011. Storberget har bakgrunn som strafferettsadvokat.

**Erik Risnes**, Psykologspesialist/ Seksjonsleder, Klinikk sikkerhetspsykiatri, Helse Bergen

For meir informasjon om RVTS Vest, sjå: **www.rvtsvest.no**
**Om du tvitrar om RVTS Vest og septemberkonferansen:** #rvtsvest #septemberkonferansen

RVTS Vest

Besøksadresse:
RVTS Vest
Ulriksdal helsepark
Ulriksdal 2, 2. etg
5009 BERGEN

Postadresse:
RVTS Vest
Helse Beregn HF
5021 BERGEN

55 97 66 95 / rvts@helse-bergen.no / www.rvtsvest.no